



Landbrukskontoret for Austrheim, Fedje og Radøy

Asgeir Mjøs
Øvre Mjøs 63
5939 SLETTA

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/1337 - 14/6719

Saksbehandlar:
Toril Marie Mulen
toril.mulen@radoy.kommune.no

Dato:
20.06.2014

Delingssak gbnr 16/12 Mjøs - søknad om deling - uttale til sak jfr jordlova

Vi viser til motteke søknad om deling kome landbrukskontoret i hende 06.05.2014. Søkjar Brita og John A Andersen eig gnr/bnr 16/39 Nordangervåg, og ynskjer overta om lag 4 daa av gnr/bnr 16/12 på resten av halvøya. Det er søkt om deling av gnr/bnr 16/12 Mjøs som er eigd av Asgeir Mjøs, om lag 4 daa.

Landbrukseigedommen gnr/bnr 16/12 i Radøy kommune har totalt 491,9 daa, bestående av 3,6 daa fulldyrka, 22,5 daa overflatedyrka, 23,8 daa innmarksbeite, samt anna areal.

Planstatus for området som er omfatta av delingssøknaden er LNF (landbruk, natur, friluftsliv).

Jamfør rundskriv M-1/2013 skal ein vurdere Jordlova § 9 bruken av dyrka og dyrkbar mark først, om ein skal vurdere Jordlova § 12 deling.

Jordlova § 9 Bruk av dyrka og dyrkbar jord

«Dyrka jord må ikkje brukast til føremål som ikkje tek sikte på jordbruksproduksjon. Dyrkbar jord må ikkje disponerast slik at ho ikkje vert eigna til jordbruksproduksjon i framtida.»

Føremålet med forbodet mot omdisponering er å verne produktive areal og jordsmonnet. Det grunnleggande føremålet med bestemminga er jordvern, det vil sei å sikre matproduserande areal.

I denne saka vil det arealet det vert søkt om å dele ifrå ikkje bli brukt i tråd LNF-føremålet etter ei eventuell deling.

Det skal føretakast ei samla vurdering av forholda. Det kan takast omsyn til godkjente planar etter plan- og bygningslova, drifts- eller miljømessige ulemper for landbruket i området, kulturlandskapet og det samfunnsgagnet ei omdisponering vil gje.

Det kan ikkje seiast å være samfunnsgagn av særlege høve som tilseier ein skal gje samtykke til omdisponering. Samfunnsgagn skal i denne samanhengen forståast med noko som kjem ei større gruppe menneske til gode.

Det er ikkje i tråd med LNF-føremålet å dele ifrå ein teig frå ein landbrukseigedom for å legge til rette for å utvide ei romsleg hyttetomt med ytterlegare 4 daa.

Etter ei samla vurdering av tilhøva finn rådmannen at ein ikkje kan gje samtykke til deling i denne saka.

Rådmannen gir ikkje samtykke til omdisponering etter Jordlova § 9.

Ein skal ikkje vurdere Jordlova § 12 når ein ikkje gir samtykke til omdisponering etter Jordlova § 9.

Klage:

De har høve til å klage på vedtaket. Ei eventuell klage skal grunngjevast. Klagefristen er tre veker frå de vart gjort kjent med vedtaket. Vi viser til Forvaltningslova § 27.

Med helsing

Torill Marie Mullen
leiar

Toril Marie Mullen
leiar Felles landbrukskontor

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

John Arild Andersen

Mottakere:

Asgeir Mjøs
Radøy kommune - teknisk
forvaltning

Øvre Mjøs 63

5939

SLETTA